OSTERFJORD

FISKE- OG FRILUFTSKART

Målestokk: 1:75000. Utgjeve juni 2000. Oppdatert og digitalisert januar 2013.

Fakta om kartet:

Kartet er opphavleg eit fellesprosjekt og finansiert av kommunane Modalen, Osterøy og Vaksdal. Det er gjeve økonomisk stønad frå miljøvernavdelinga hjå fylkesmannen i Hordaland og BKK.

Målet med kartet er å gje den ukjende friluftsentusiast lett tilgang til detaljerte opplysningar om fiske og flotte naturopplevingar frå fjord til fjell ved Osterfjorden. Dette er eit planleggingskart for å gje oversikt. Det vert i tillegg vist til eigne detaljkart for kvart område, og det finnes fleire opplysningar om dei einskilde områda på internett.

Me har plass nok til alle så velkommen skal du vera!

Har du merknader til utforminga vår, så mottek vi det med glede. Send epost til post@vaksdal.kommune.no eller ring oss på 56 59 44 00.

Kart – ide, utforming og tekst:

- Vaksdal kommune v/ Naturkonsulent Tore Wiers og miljøvernrådgiver Sveinung Klyve
- Osterfjord Reiselivslag v/ reiselivssjef Heidi Sørvig
- Einskildpersonar og grunneigarlag i Vaksdal, Modalen og Osterøy

Produksjon av relieffkart og internett: Voss Informasjonsteknologi

Grafisk produksjon: Voss Prenteverk AS

Tabellforklaring

Nr og namn på vatna referer til innsjøane her på kartsida.

UTM: finst på topografisk kart – M711 serien, Statens kartverk (blå rutenett)

Bestand:

Tett (kvit farge) = Innsjøar som har tette/overtette bestandar, av ofte småfallen fisk med vekt på 80-120 gram. Lett å få fisk og difor kjekke vatn for fin fiskeoppleving for born. I slike vatn er det ofte storfisk på fleire kilo. Dette er kanibalfisk som får masse mat ved å eta småfisken.

Middels (gul farge) = Fisken i desse innsjøane er som oftast av god kvalitet. Bestanden er middels tett. Vekta på fisken er 200-400 gram, og kan variere ein del. Også storfisk.

Tynn (raud farge) = Innsjøen er som regel tynt befolka av fisk, ofte på grunn av dårlig eller ingen gyteforhold. Kan også skuldast forsuring. I fleire av desse vatna er det sett ut fisk. Storleiken på fisken kan liggja frå 300 gram til 1 kg, med både mindre og større individ.

Fiskekvalitet: Vekta viser gjennomsnittleg storleik på fisken i vatna. Dette kan variera og endra seg over tid. Kondisjonsfaktor (k-faktor) er forhold mellom lengde og vekt. Normal k-faktor ligg på 1,00. Under dette er fisken av dårlegare kvalitet, over viser feit fisk av god kvalitet. Kartet er frå 2000, og tendensen i dei fleste vatna er at kondisjonen har gått ned.

Fiskekort: Sal av fiskekort er merka med JA. Der det står NEI betyr at det ikkje er organisert fiskekortsal. Her må du kontakta grunneigar for å få løyve til å fiska.

Fiskereiskapar: Handsnøre er lov å bruka. Garnfiske er med få unntak ulovleg. Avklar bruk av utstyr ved kjøp av fiskekort. Før du byrjar å fiske må du setja deg inn i dei lokale fiskereglane.

Fishing licenses

Most of the lakes are privately owned and you need to be informed about local rules for purchasing a fishing license. For more information, please contact the appropriate municipality (Osterøy – +47 56 19 21 00, Modalen – +47 56 59 90 00 or Vaksdal – +47 56 59 44 00). In order to go fishing in rivers and lakes after Arctic Char, Salmon and Sea Trout you have to pay an additional fee to the state to obtain an inland fishing license. This can be done online. Children under the age of 16 do not need a fishing license. Fishing in the fjord is free. Mind minimum fish sizes for sustainable fishing! For more information, see the respective municipalities tourism information.

Mer informasjon på nettet

- Fiskeavgift for laks, sjørøye og sjøørret.
- Dale Jeger og Fisk.
- Ekso Elveigarlag.
- Ekso Villfisk.
- Lonevåg Sportsfiskarlag.
- Osterøy kommune.
- Modalen kommune.

To sidar som ikkje lenger oppdateres, men som inneholder verdifull informasjon for fiskaren og turgåaren er Osterfjord.net og Westcoastpeaks.com.

Litteraturtips og kart

- Boka *Med Fiskestonga i Sekken*, Bergen Turlag, ISBN 978-82-7129-253-9
- Boka *Turar i Vaksdal*, Vaksdal kommune, ISBN 978-82-7129-203-4
- Boka *Turar i Modalen og stølsheimen*, Modalen kommune
- Boka *Turgleder i Hordaland*, Media Bergen, ISBN 978-82-9265-602-0
- Boka *Osterøy til fots*, Osterøy Sogelag, ISBN 82-91229-10-4
- Hefte *Geologisk natursti i Bergsdalsfjella*, Vaksdal kommune

- Turkart *Kvamskogen og Bergsdalen 1:50000*, DNT og Ugland IT, product nr 42253
- Planleggingskart *Stølsheimen 1:100000*, DNT og Ugland IT, product nr 42491

Bruksanvisning kartet

Kartet er for stort til å skrivast ut i sin heilhet. Du kan skrive ut all tekst ved å velge sidetall 1-3 og 5-10 i utskriftsmenyen. Deler av kartet kan skrivast ut ved å ta ein skjermdump / screenshot av den aktuelle biten. Se hvordan du gjør det i Windows, på Mac eller smarttelefonen din her: http://www.take-a-screenshot.org/
Har du smarttelefon, kan du ha pdf-filen på mobilen og bruke denne som supplement til eit terrengkart/papirkart.

vaksdal kommune

BYNÆRT BYGDELIV

TEIKNFORKLARING

SYMBOL DESCRIPTION

Målestokk 1: 75 000

- Bading *Open air bath*
- Turist informasjon *Tourist information*
- Kanopadling *Canoeing*
- Merka sti *Marked footpath*
- Overnatting *Lodging*
- Parkering *Parking area*
- Rutebåt ("Bruvik") *Passenger ferry*
- Båtutleige *Boat rental*
- Hytte sjølvbetjent *Self-service tourist hut*
- Hytte ubetjent (Må bestillast) *Tourist hut with no services*
- Sykkelutleige *Bicycle rental*
- Sykkelveg *Cycle path*
- Villmarksleir *Wildlife camp*

- Europaveg *Main road (E)*
- Riksveg/fylkesveg *Main road*
- Andre vegar *Other roads*
- Ferje *Ferry*
- Bru *Bridge*
- Tunnel *Tunnel*
- Båtrute *Boat rout*
- Sykkelveg *Cycle path*
- Merka sti *Marked footpath*
- Stølsheimen landskapsvernopråd *Nature conservation area*

Fiskebestand
Stock of fisch

- Tett (Kvit farge) *Dense (White)*
- Middels *Medium*
- Tynn *Sparse*
- Laks *Salmon*
- Sjøfisk *Saltwater fish*

Høgde (m.o.h)
Elevation

- 1140 - 1280
- 990 - 1140
- 850 - 990
- 710 - 850
- 570 - 710
- 430 - 570
- 280 - 430
- 140 - 280
- 0 - 140

- Regulert vatn, maks/min *Lake elevation, max/min*
- Uregulert vatn *Lake*
- Røye *Char*
- Verneområde *Conservation area*
- Tettstad *Settlement*

Kjelde: Statens kartverk, tillatelse LKS82003-R83995.

HØGAFJELL (OSTERØY)

Nr.	Lokalitet	UTM LN	Ho.h	Bestand -størrelse	Fiskekvalitet Vekt	k-faktor	Fiske -kort
36	Austr/Vestrevatn	128 202	154	Tett	104 g	1,01	Nei
37	Midtvatnet	159 163	179	Middels	200 g	1,00	Nei
38	Blomdalsvatnet	168 172	188	Middels	200 g	1,02	Nei
39	Botnavatnet	182 189	192	Middels	175 g	1,10	Nei
40	Fyrste Lauvatjørni	162 198	383	Middels	362 g	1,17	Nei
41	Andre Lauvatjørni	156 198	381	Tynn	150 g	1,03	Nei
42	N. Øvsthustjørni	152 199	378	Tynn	304 g	1,10	Nei

TOSKEDALEN

Nr.	Lokalitet	UTM LN	Ho.h	Bestand -størrelse	Fiskekvalitet Vekt	k-faktor	Fiske -kort
43	Toskedalsvatnet	192 292	182	Middels	150 g	1,05	Nei
44	Bukkesteinsvatn.	198 275	286	Tett	120 g	1,02	Nei
45	Moavatnet	170 275	113	Tett	100 g	0,98	Nei
46	Vaulelvi	160 269	0 - 180	Tett	120 g	1,01	Nei

STAMNES grunneierlag

Nr.	Lokalitet	UTM LN	Ho.h	Bestand -størrelse	Fiskekvalitet Vekt	k-faktor	Fiske -kort
47	Nedre Krokavatn	238 242	637	Middels	150 g	0,99	Ja
48	Ø.Trappetjørn	227 244	750	Middels	278 g	1,10	Ja
49	Midtvatnet	239 330	99	Tett	85 g	1,09	Ja
50	Vikavatnet	245 315	100	Tett	98 g	0,98	Ja
51	Djupavatnet	256 305	135	Tett	107 g	1,02	Ja
52	Træsvatnet	260 325	246	Tett	71 g	1,05	Ja
53	Gavvatnet	280 327	528	Tett	100 g	1,01	Ja
54	Stølsvatnet	268 338	600	Tett	95 g	0,87	Ja
55	Illebruvatnet	288 315	725	Middels	200 g	1,05	Ja
56	Leirovatnet	282 375	325	Middels	250 g	1,07	Ja

OSTERØY

Nr.	Lokalitet	UTM LN	Ho.h	Bestand -størrelse	Fiskekvalitet Vekt	k-faktor	Fiske -kort
101	Kringastemma	047 136	20	Tett	100 g	1,01	Nei
102	Brakvatnet	055 127	50	Tett	120 g	1,02	Nei
103	Askelandsvatnet	071 107	349		Drikkevatn		Nei
104	Dalsvatn	048 177	54		Drikkevatn		Nei
105	Borgavatnet	085 130	34	Middels	200 g røye	1,05	Nei
				Tett	120 g aure	1,04	
106	Kråkevatnet	089 128	34	Middels	200 g røye	1,05	Nei
				Tett	120 g aure	1,05	
107	Eltervatnet	089 129	31	Tett	120 g	1,02	Nei
108	Storavatnet	125 110	320	Middels	140 g	1,05	Nei
109	Sildatjørni	130 110	320	Middels	160 g	1,07	Nei
110	Botnavatnet	162 116	421	Tett	100 g	1,00	Nei
111	Bysheimsvatn	120 137	382	Middels	150 g	1,03	Nei
112	Fagerstølsvatnet	127 142	418	Middels	130 g	1,02	Nei
113	Låstadvatnet	098 145	55	Tett	90 g	0,98	Nei
114	Husavatnet	090 150	50	Middels	140 g	1,00	Nei
115	Barsvatnet	093 153	60	Tynn	170 g	1,03	Nei
116	Fossdalstjørna	103 169	117	Tett	120 g	1,00	Nei
117	Litlandsvatnet	066 186	50	Tett	130 g	1,03	Nei
118	Rosslandsvatnet	071 190	137	Tett	100 g	1,05	Nei
119	Holevatn	077 206	26	Tett	100 g	0,98	Nei
120	Kossdalsvatnet	080 190	38	Middels	170 g røye	1,06	Nei
				Tett	110 g aure	1,03	
121	Vestrevatnet	129 201	154	Tett	120 g	1,02	Nei
122	Løtveitvatnet	124 203	148	Tett	125 g	0,98	Nei
123	Hellandsvatnet	100 218	12	Tett	90 g	1,01	Nei
124	Øvrevatnet	098 238	16	Middels	130 g	1,03	Nei
125	Nedrevatnet	097 236	8	Tett	100 g	1,00	Nei
126	Kleppsvatnet	119 234	32	Middels	300 g aure	1,04	Nei
				Middels	200 g røye	1,02	
127	Gardstjørna	133 217	165	Tynn	250 g	1,01	Nei
128	Anortjørn	136 231	128	Tett	100 g	0,98	Nei
129	Sætratjørn	139 237	125	Tett	100 g	1,01	Nei
130	Osvatnet	140 247	75	Middels	150 g røye	1,00	Nei
				Tett	100 g aure	1,00	
131	Kleivelandsvatn	148 259	92	Tett	110 g	1,02	Nei
132	N. Botnavatnet	154 245	182	Tett	110 g	0,99	Nei
133	Ø. Botnavatnet	166 239	462	Middels	130 g	1,02	Nei
134	Ljosavatnet	180 247	647	Tynn	200 g	1,05	Nei
135	Nordravatn	157 290	70	Tynn	400 g	1,10	Nei

MODALEN

Nr.	Lokalitet	UTM LN	Ho.h	Bestand -størrelse	Fiskekvalitet Vekt	k-faktor	Fiske -kort
201	Beitlatjørna	218 442	648	Middels	140 g	1,02	Nei
202	Sætrevatn	211 451	783	Middels			Nei
203	Djupavatnet	214 470	785	Middels			Nei
204	Sørdalsvatnet	217 478	767	Ukjent			Nei
205	I Sørdalsvatnet	210 490	720	Ukjent			Nei
206	Trollholevatnet	220 497	733	Ukjent			Nei
207	Øvstavatnet	260 485	440	Tynn			Nei
208	Nedstavatnet	259 477	284	Tynn			Nei
209	Veslavatnet	238 512	729	Ukjent			Nei
210	Skavlavatni	268 521	916	Ukjent			Nei
211	Storavatnet	235 525	704	Tynn			Nei
212	Svartavatnet	275 550	781	Tynn	400 g	1,10	Nei
213	Skjerjavatnet ves	290 550	799	Tynn	500 g	1,15	Nei
214	Hjortevatnet	282 570	790	Tynn	300 g	1,12	Nei
215	Seljedalsvatni	310 553	928	Ukjent			Nei
216	Steinadalstjørna.	311 573	955	Ukjent			Nei
217	Vikivatnet	300 600	821	Ukjent			Nei
218	Vardalstjørnana	318 609	885	Ukjent			Nei
219	Botnelvvatni	345 627	675	Ukjent			Nei
220	Vestrebotnvatni	335 655	950	Ukjent			Nei
221	St. Norddalsvatn	385 695	1010	Tynn			Nei
222	Ø.Åsabotnvatn	387 690	1069	Tynn	350 g	1,04	Nei
223	Åsabotnvatni	408 650	895	Tynn	300 g	1,04	Ja
224	Stølsvatnet	408 630	584	Tett	120 g	1,03	Ja
225	Solrenningsvatn	436 645	596	Middels	150 g	1,05	Ja
226	N. Berdalsvatn	444 632	662	Middels	200 g	1,06	Ja
227	Ø. Berdalsvatn	450 627	686	Middels	300 g	1,06	Ja
228	Rindavatn	423 621	748	Tynn			Ja
229	N.Sørdalsvatnet	428 615	758	Tynn			Ja
230	Sørdalsvatnet	428 615	932	Tynn			Ja
231	Skålebotnsvatne	410 605	900	Tynn			Ja
232	Kvanngrødvatn	415 572	869	Tynn	300 g	1,08	Ja
233	Svartavatnet	374 566	522	Middels	200 g	1,03	Nei
234	Steinavatnet	383 556	500	Tett	110 g	1,00	Nei
235	Krossvatnet	386 544	376	Tett	100 g	0,99	Nei
236	Steinslandsvatn	360 560	120	Tett	110 g	1,01	Ja
237	N. Norddalsvatn	386 514	668	Tynn			Nei
238	Ø. Norddalsvatn	396 511	734	Tynn			Nei
239	Gavlavatnet	442 562	981	Tynn			Nei
240	A. Kvammavatn	455 556	990	Tynn			Nei
241	V. Kvammavatn	460 556	990	Tynn			Nei
242	Skjerjavatnet	440 540	964	Tett	120 g røye	1,32	Nei
243	Dalavatnet	379 494	664	Tynn	120 g	1,03	Nei
244	Modalselva			Tett	120 g	1,02	Ja

VAKSDAL/DALE

Nr.	Lokalitet	UTM LN	Ho.h	Bestand -størrelse	Fiskekvalitet Vekt	k-faktor	Fiske -kort
1	Langatjørn	174 057	510	Middels	200 g	1,05	Nei
2	Bogevatnet	225 075	474	Tett	100 g	1,02	Nei
3	Krossatjørnane	243 082	764	Tynn	213 g	1,10	Nei
4	Svartavatnet	252 085	751	Middels	251 g	1,09	Nei
5	Smørtjørn	274 094	750	Middels	162 g	1,12	Nei
6	Klenavatnet	276 100	727	Middels	163 g	1,03	Nei
7	Kjerringatjørn	275 098	717	Tett	100 g	1,07	Nei
8	Fossavatnet	267 106	687	Middels	305 g	1,01	Nei
9	Buhellervatnet	263 107	629	Tett	168 g	0,90	Nei
10	Flatavatnet	278 112	721	Middels	194 g	1,03	Nei
11	Varane	273 117	745	Middels	250 g	1,06	Nei
12	Sedalselva	223 103	104	Middels	120 g	1,01	Nei
13	Fossdalsvatnet	214 131	442	Tett	83 g	1,00	Nei
14	Lonane	242 165	500	Tett	150 g	1,00	Nei
15	Vatnastølsvatnet	240 179	500	Middels	140 g	1,04	Nei
16	Holmavatnet	244 168	525	Middels	220 g	0,97	Nei
17	Gråsivatnet	246 165	575	Middels	196 g	1,10	Nei
18	Norsvatnet	251 219	180	Middels	120 g	1,01	Nei
19	Ø.Krokavatn	240 240	650	Middels	180 g	1,02	Nei

BERGSDALEN

Nr.	Lokalitet	UTM LN	Ho.h	Bestand -størrelse	Fiskekvalitet Vekt	k-faktor	Fiske -kort
20	Herfangsvatnet	283 123	681	Tett	184 g	1,00	Ja
21	Tverrdalsvatni	277 147	794	Tett	100 g	1,05	Ja
22	Tjørnadalsvatn	312 148	890	Middels	200 g	1,08	Ja
23	Brekkegråvatnet	305 155	791	Middels	150 g	1,14	Ja
24	Saudalsvatnet	288 151	839	Middels	400 g	1,10	Ja
25	Storlitjørn	348 125	825	Middels	313 g	0,93	Ja
26	Oddmundalsvatn	343 150	765	Middels	147 g	1,04	Ja
27	Moavatnet	360 148	624	Tett	100 g	1,01	Ja
28	Skarvatnet	341 160	765	Tett	100 g	1,16	Ja
29	Småbrekkevatn	373 155	524	Tett	100 g	0,98	Ja
30	Vetlavatnet	370 158	524	Tett	130 g	1,00	Ja
31	Bergsvatnet	354 177	500	Tett	107 g	0,99	Ja
32	Storavatnet	377 195	950	Tett	100 g	1,03	Ja
33	Nedre Grávatnet	353 202	854	Tett	132 g	0,96	Ja
34	Storefossen	286 198	404	Middels	150 g	1,02	Ja
35	Bergsdalselva	327 191	405-585	Tett	100 g	1,00	Ja

EKSINGEDALEN

Nr.	Lokalitet	UTM LN	Ho.h	Bestand -størrelse	Fiskekvalitet Vekt	k-faktor	Fiske -kort
57	Eikemovatnet	268 408	94	Middels	131 g	1,10	Nei
58	Ekso	400 418	100 - 580	Tett	120 g	1,02	Ja
59	Nesvatnet	332 428	260	Tett	100 g	0,98	Ja
60	Storavatnet	342 455	656	Middels	120 g	1,02	Ja
61	Tuftavatnet	345 403	775	Tett	100 g	1,05	Ja
62	Saudalsvatnet	310 374	907	Middels	150 g	1,04	Ja
63	Byvatnet	405 388	781	Tynn	400 g	1,12	Ja
64	Gavlavatnet	372 462	796	Middels	170 g	1,06	Ja
65	Lomavatn	383 433	674	Middels	200 g	1,04	Ja
66	Langavatnet	358 402	738	Middels	160 g	1,03	Ja
67	Bergovatnet	435 430	414	Tett	120 g	0,95	Nei
68	Nesheimsvatnet	443 437	450	Tett	103 g	0,97	Ja
69	Trefallsvatnet	478 460	499	Tett	100 g	1,02	Ja
70	Øvre Blåvatnet	442 476	855	Middels	150 g	1,02	Ja
71	Nedre Blåvatnet	445 460	736	Tett	100 g	0,98	Ja
72	Beinhellervatnet	468 505	707	Tett	130 g	1,01	Ja
73	H.Kvanndalsvatn	485 498	795	Middels	158 g	0,97	Ja
74	Kvanndalsvatn	491 504	803	Tynn	213 g	0,80	Ja
75	Gullbråholmen	510 487	774	Middels	145 g	1,03	Ja
76	Skjerjavatnet	440 540	964	Tett	120 g røye	1,32	Nei
77	Askjelldalsvatn	469 522	800	Middels	350 g røye	1,08	Nei
					200 g aure	1,01	
78	Vetle Askjelldalsvatet	491 540		Middels	300 g	1,04	Nei

Fiskereiskapar:
Handsnøre er lov å bruka. Garnfiske er med få unntak ulovleg. Avklar bruk av utstyr ved kjøp av fiskekort. Før du byrjar å fiske må du setja deg inn i dei lokale fiskereglane. Hugs statskort som du får på postkontoret.

Generelle reglar for fritidsfiske

I sjø: Med stong eller handsnøre kan du fiska heile året etter saltvatnsfisk i sjøen – både fra båt og land, uten å betale fiskeavgift. Du kan også fiska gratis etter laks, sjøaure og sjørøye med stong fra land heile året. Frå båt gjeld særskilde reglar. Undersøk dette nærare før du fiskar.

I ferskvatn: Ved fiske i ferskvatn må du betale fiskekort til grunneigar. Ein del område har ikkje sal av fiskekort, men er likevel ope for fiske med stong. Gratis fiske for alle under 16 år. Ein må løyse statlig fiskekort for å fiske på anadrom fisk: http://fiskeravgift.dirnat.no/
Fiskereiskapar: Handsnøre er lov å bruka. Garnfiske er med få unntak ulovleg. Avklar bruk av utstyr ved kjøp av fiskekort. Før du byrjar å fiske må du setja deg inn i dei lokale fiskereglane.

Fisker du i utmark, hugs:

- at du ikkje brukar levande fisk som agn.
- at du ikkje flytter levande fisk til eit anna vassdrag.
- å tørka fiskereiskapen, støvlar og vadarar før du flyttar til eit anna vatn for å unngå spreiing av levande organismar og sjukdom.
- at fiskereiskap brukt i vassdrag med smitta skal desinfiserast.
- å nytta etablerte rasteplassar/bålplassar.
- å vise omsyn til andre brukarar og grunneigarar.

Fiske etter laks og sjøaure

Daleelva
Dale jakt- og fiskarlag forvaltar elva og driv omfattande kultivering. Fiskesesongen er i tida 1. juli til 15. september. Lakseførande strekning på ca 5km, men den mest fiskbare delen ligg nedom Dale kraftverk og er ca 3km. Elva har ei god stamme av laks og sjøaure.
Sal av fiskekort hjå Dale trafikksenter, tlf 56 59 79 00.
Sjå også DJF sin heimeside: http://www.njff.no/portal/page/portal/hordaland/lokallag/dale

Ekso
Eksingedalen er 45 km lang og strekkjer seg frå Eidsland til Gullbrå. Elva Ekso har sitt utspring i Stølsheimen og kastar seg i fossar, stryk og vatn steg for steg nedover dalen før ho renn ut i sjøen ved Eidsland. Det er store fiskeressursar i vassdraget. Dei nedre 4 km er anadrom elv (har laks og sjøaure). Sjølvbetjent sal av kort ved infotavla i krysset mot Myster.
Knut Eirik Møster, Ekso Elveigarlag, tlf 91 57 49 36. http://www.ekso.no/

Modalselva
Elva har ein anadrom strekning på ca 6km. Det finst to laksetrappar i vassdraget. Fisekort vert seld hjå den einskilde grunneigar. Modalselva er ein typisk sjøaureelv med fisk opptil 4-5kg, men mest vanleg rundt 1-2kg. Elva har vore stengt i 2012.
Modalen kommune, tlf 56 59 90 00. http://modalen.kommune.no

Loneelva
Loneelva er ei rik smålakselv, med laks på 1-2kg og sjøaure i underkant av 1kg. Elva dannar grunnlag for eit aktivt sportsfiskarlag med vel 200 medlemmer. Fiskekort vert seld hjå Jernia i Lonevåg, tlf 56 39 10 50. http://loneelva.net/

Innlandsfiske i Vaksdal

Vaksdal – Dale

Dale/Vaksdal grunneigarlag tilbyr fritt fiske med stong i alle sine vatn og vassdrag. Området er rikt på vatn og elvar og fiskekvaliteten i vatna varierer frå tette fiskebestandar til vatn med riktig fin aure av god kvalitet. Grunneigarlaget i samarbeid med Vaksdal fiskarlag driv kultivering i form av utsetting av fisk i vatn i fjellområda.
http://www.njff.no/portal/page/portal/hordaland/lokallag/dale

Langhelle – Langatjørna (sjå vatn nr 1 på kartet)
Parkering øvst på Langhelle. Turen går innover i forholdsvis flatt terreng. I området ligg ei rekkje mindre tjørn og vatn, dei fleste av desse har fin fisk. Fin dagstur der det også er mogleg å gå over til Samnanger. Gratis fiske.

Vaksdalfjellet
Bilveg opp i Herfindal, vår lokale «Trollstigen». Det er merka turløype som går over til Bergsdalen og Bergen Turlag si hytte Høgabu. På vegen finst det mange små og større vatn. Ein fin dagstur er å gå opp til Fossavatnet (8) og vidare til Smørtjørn (5), Svartavatnet (4) og Krosstjørnane (3). Gratis fiske.

Helle – Fossdalen
Fin tursti opp til Vatnastølsvatnet (15) ca 1t. Vidare ligg Holmavatnet (16) og Gråsivatnet (17) og du kan gå vidare til Kupovatnet. Du kan også gå nedover Lonane (14) til Fossdalsvatnet (13) og ned til Fossmark. Svært flott og fiskerik elv men litt utydelig sti. Gratis fiske.

Dale – Tverdalsvatna (21) – Herfangsvatnet (20) – Høgabu
Turen starter ved Dale sentrum, på godt merka sti som går heilt til Høgabu. Oppe på fjellet ligg ei rekkje mindre vatn langs heile turstien. Gratis fiske.

Dale – Øvre Krokavatnet (19) – Høgenipa
Merka sti frå Dale til Krokavatnet (19), ca 2,5t. Fjellområdet huser ei rekke gode fiskevatn. Øvre (19) og Nedre Krokavatnet (47) og Trappetjørnane (48) er blant dei. Dette er eit eldorado for sportsfiskaren. Fin helgetur, ta med telt! Flott utsikt ved «Fjordpromenaden» der fjellet stuper 800m ned mot fjorden. Øvre Krokavatnet er det gratis å fiska i, for fiskekort i dei andre vatna ta kontakt med Olav Arnstein Vik på tlf 48 88 03 28.

Bergsdalen

Bergsdalen jordbrukslag driv svært aktivt med fiskekultivering som utsetjing av fisk, not- og rusefiske, kalking og prøvefiske. I Bergsdalen gjeld eit fiskekort for heile området. Ein kan leiga båt og garn til fiske i 3 vatn i hovudvassdraget. Der er fiskebestanden tett, men i fjellvatna ventar storfisken. Villmarksleiren på Småbrekke (29) kan leies, meir info: Miljøvernrådgjevar Sveinung Klyve tlf 95 98 75 01 eller hjå grunneigar Per Småbrekke tlf 90 88 36 29.

Sal av fiskekort og info:
Ragnvald Berge 48 27 17 67
Dag Brekke 97 63 46 81
Per Småbrekke 90 88 36 29
Kjetil Rødland 91 17 97 71
Ved kjøp av fiskekort er lån av båt gratis, 2 Bergsvatnet, 1 Småbrekkevatnet, 1 Vetlavatnet.

Småbrekkevatnet (29) og Moastølen (27)
I Småbrekkevatnet (29) er fisken småvaksen men fin. Utleige av båt og garn. 30 minutt gange opp til Moavatnet (27), 1t til Storlitjørn (25) på den gamle militærvegen gjev sjangsar for større fisk. Merka sti til Høgabu (22). 1t over til Oddmundsdalsvatnet (26) og 30 min til Skarvavatnet (28) – gode fiskevatn.

Høgafjell – Osterøy
Høgafjell grunneigarlag tilbyr fritt fiske for sitt område. Grunneigarlaget har lange tradisjonar med kalking og fiskekultivering. Vannane ligg i fjellområda på Osterøy i Vaksdal kommune.
Kontaktperson: Jarle Blomdal, tlf 91 80 68 57

Austre/Vestravatnet (36) – Botnavatnet (39)
Storavatnet (36) er spesielt eigna for kanopadling. Innsjøen er ein av dei største i regionen. Fint for dags- eller helgetur med telt. Vatnet er fiskerikt, det same gjelder vassdraget inn til Botnavatnet (37, 38, 39).

Blomdalen – Lauvtjørna (40-41) – Høgafjellet
Turen opp til Lauvtjørnane (40, 41) er godt merka frå Blomdalen som har god parkering. Flott fjelltur til Høgafjellet. Merka, ca 2,5t. Fin fisk.

Stamnes – Eidslandet
Stamnes grunneigarlag sel fiskekort for sitt område, som også kan kjøpast på butikken på Eidsland, tlf. 56 59 56 55. Obs, Øvre Krokavatnet (19) er det gratis å fiske i, for Nedre Krokavatnet (47) trenger du fiskekort fra Stamnes grunneigarlag.
Kontaktperson: Jakob Møster, tlf 41 27 11 56 og Olav Arnstein Vik 48 88 03 28

Hesjedalsvassdraget – Øyadalen – Straumsdalen – Storevarden.
Vassdraget Midtvatnet (49), Vikavatnet (50) er svært fiskerikt og flott å padla på. Flott utsikt frampå Hesjedalsfossen. Merka sti. Frå Øyane 30 min. til fiskerike Træsvatnet (52). 1t vidare til Gavvatnet (53). Kort veg til Illebruvatnet (55) eller Stølsvatnet (54). Flott topptur til Storevarden ca 1,5t. Straumsdalen flat fin dal med fine stølar. Djupevatnet (51) fiskerikt vatn og elv.

Leirovatnet (56)
For å komme til Leirovatnet (56) er den lettaste vegen frå Myster ved Eidslandet. 1t på fin sti. På Leiro ligg dei gamle gardshusa (i dag til hyttebruk) i naturskjønt område omkransa av stupbratte fjell. Vatnet har fisk av fin kvalitet.

Toskedalsvatnet (43) – Bukkesteinsvatnet (44)
Begge desse innsjøane har fin fisk. 1t til Bukkesteinsvatn (44) frå parkering ved 43. Flott fin tur og sti ned til nedlagd gard på Moen (45, 46). Avtale om fiske må gjerast med grunneigarane i Toskedalen.

Eksingedalen
Eksingedalen er delt i to grunneigarlag (fiskekortsoner), skiljet ligg ved Fosse. Grunneigarlaga tilbyr fiske i heile dalen. Over den lakseførande delen Ekso av vassdraget (58) er elva svært fiskerik. Det finst mange kulpar og loner som er gode fiskeplassar. Det har blitt gjort et intensivt kultiveringsarbeid i Ekso, som har blitt til eit av Vestlandets beste brunaureelv med særskilt vekt på flugefiske. Den kultiverte delen av Ekso ligg midt i dalen og strekkjer seg frå Flatekvalfossen i vest til fossen Vetleglupen i aust og er ca. 7 km lang.
Elva er kraftregulert og har vanlegvis lita vassføring.
Kort fås på butikken på Lavik: 56 59 58 20

Ekso Villfisk sin heimeside: http://www.eksingedalen.no/ekso-villfisk

Flatekvål – Storavatnet (211)
Turen startar frå Flatekvål og går oppover i jamn stigning til Storavatnet (211). Vatnet har fisk av god kvalitet. Du kan halda frem til Gavlavatnet (239) der du passerer ei rekkje mindre vatn. Eller du kan gå ned til Farestveit i Modalen.

Øvre Eksingedalen
Fiskekortsona Fosse-Gullbrå i Ekso (hovudelva). Fiskerikt vassdrag som renn langs veien. Fine kulpar og stryk med masse fin fisk.

Sal av fiskekort/info:

Terje Gullbrå	41 41 33 72
Hallvard Gullbrå	56 59 59 46
Ragnar Trefall	56 59 59 22
Gaute Øvstedal	90 95 64 99
Magnar Nese	97 58 83 03
Oddvar Fosse	91 80 66 50
Atle Bergo	91 84 53 90

Ved kjøp av fiskekort er lån av båt gratis – Bergovatnet, Trefallsvatnet og Nesheimvatnet har hver sin båt.

Haugen – Gavlavatnet (239)
Turen kan starte fra Haugen der ein kan kjøpe fiskekort. Hugs å avtal kvar du skal setje bilen. Området inn mot Gavlavatnet (239) har ei rekkje mindre og større vatn. Dei fleste av desse er det fisk i, og ein fisketur i området kan gje store overraskingar.

Bergovatnet (67) – Nesheimvatnet (68) – Trefallsvatnet (69)
Bergovatnet (67) er rikt på fin fisk. Ved fiske i Nesheimsvatnet (68) og Trefallsvatnet (69) må det løysast fiskekort. Her er det båtutleige. Fin fisk.

Skjerjavatnet (76) – Askjellsdalsvatnet (77)
Det er fint å køyra på anleggsveg helt fram til begge innsjøane. Gratis fiske. Skjerjavatnet (76) er ein av dei største innsjøane i regionen, og innsjøen er svært rik på småfallen røye, medan aurebestanden er tynn. I Askjelldalsvatnet (77) er røya større og det vert årleg sett ut aure i vatnet. Både aure og røye er av fin kvalitet.

Holmavatnet (75)
Fint turområde omkring Holmavatnet (75) som er eit godt fiskevatn. Turen tek ca 1 time og 30 minuttar frå bilveg, og er godt eigna for familieturar.

Innlandsfiske i Modalen

Modalen er godt eigna for sportsfiske. Når det gjeld tilrettelegging er det utenom laks og sjøaurefiske, sal av fiskekort til Steinslandsvatnet og frå Steinsland mot Stølsheimen. Dei fleste vatn i fjella har tynne bestandar med fisk av svært god kvalitet og det er fritt fiske der. I hovudvassdraget (Modalselva 245) er bestanden av innlandsfisk god. Elva vart freda fra Mofjorden til Steinslandsvatnet for 2012 og er inndelt i sonar med skilt. Ta kontakt med formann i elveeigarlaget for meir info, eller ring kommunen på 56 59 90 00.

Her er nokre turframlegg frå den flotte boka: «Turar i Modalen og Stølsheimen, frå slott til støl», Modalen kommune, tekst Kenneth Ø. Monsen. Boka kan sterkt anbefalast for turfolk, tala visar til turar i boka.

Flatekval – Farestveit (tur nr 3), 2-3t.
Den viktigaste ferdavegen mellom Eksingedalen og Modalen har i tidlegare tider den mellom Flatekval og Farestveit. Stigen over «Øvrefjellet» har ikkje berre vore eit viktig bindeledd mellom folket i dei to dalføra, den har gjennom historia og vore ein viktig «vegstump» for meir langvegsfarande utsendingar på veg til Gulating.

Grønhaug – Otterstadstølen – Skavlabu (tur nr 4), 5t.
Skavlabu er den nyaste fjellhytta i Stølsheimen-området. Hytta ligg høveleg plassert i fjellmassivet, midt i løypa mellom Dyrkolbotn og Vardadalsbu. Stigen frå Grønhaug ved Mofjorden, via Otterstadstølen, er ein av mange vegar inn til nye hytta, som ligg ved Skavlavatni (ca 950 moh).

Straume – Vardadalsbu – Steinsland (tur nr 11), 8t + 3t med overnatting.
Seljestigen er ein utfordring. Men dersom du tek utfordringa og legg deg ut med stigningane opp frå Straume, er løna på ein solblank, klar dag vel verd «strabasane». For frå Gråsida (1165 moh), ein liten avstikkar frå stigen, er utsikta storslegen: Lihesten i Ytre Sogn, Byfjella i sørvest, Folgefonni, Fresvikbreen, Skagastølstindane, Lønahorgi, ja her kan du sitja og telja fjelltoppar og brear til kikkertlinsa doggar. Høgaste punktet på vegen til Vardadalsbu er 1211 moh. Stigen vert merka og varda i 1991.

Steinslandsvatnet (236)
Grunneigarlaget kan tilby utleige av båt og garn. Steinslandsvatnet (236) er svært fiskerikt og ligg i mektig natur. Fiskekort vert kjøpt på gardane ved vatnet. For meir informasjon, kontakt Bjørnhaugen gård på Øvre Helland, tlf 56 59 99 31.

Stølsvatnet (244) – Solrenningsvatnet (225)
Inngangen til Stølsheimen. Du kan køyra helt til Stølsvatnet (244). Vatn i alle retningar, dei fleste er gode fiskevatn. Sal av fiskekort, kontakt grunneigarar ved Steinsland.

Budalen (244) – Skjerjavatnet vest (213)
Fiskerik elv oppover langs Hellandsdalen. Bilveg heilt til Skjerjavatnet (213). Dei mange innsjøane i fjellområdet kan by på fisk av god kvalitet. Området er tilrettelagt i form av turstiar i alle retningar.

Innlandsfiske på Osterøy

Det er ikkje organisert fiskekortsal i Osterøy kommune. Fisket i alle vatna ligg på privat eigedom, og ein må difor kontakta næraste grunneigar for å høyra om fisket. Det er fri fiske i dei fleste vatna som er rik på både aure og røye.

Holevatnet (119) – Kossdalsvatnet (120)
Hole og Mjøs grunneigarlag driv med kultivering for å auke kvaliteten på fisken uten sal av fiskekort. Vatna er fiskerike og i Kossdalsvatnet (129) er det røye og aure av fin kvalitet. Området ligg i eit spesielt kulturlandskap og er godt eigna for familieturar.

Kleiveland – Moen – Toskedalen
Eit regulert vassdrag som ligg nord i Osterøy kommune. Vassdraget har røye, men er særlig rik på aure. Ein fin tur er å fylgja vassdraget opp til Kleivelandsvatnet (131) og vidare opp til Moen – Toskedalen (46, 45, 43).

Storavatnet (108)
Storavatnet (108) ligg i fin natur kort veg frå parkeringsplass. Fjellområdet er godt tilrettelagt for friluftsliv og eignar seg for familieturar. Storavatnet (108) husar ein talrik fiskebestand. Her er og ei rekkje mindre vatn og tjørn i området. Mange sætrar og stølar på eit godt merke kulturstinett. Det er ikkje organisert fiskekortsal.

Austre/Vestrevatnet (121)
Et av de største vatna i regionen. Svært fiskerik innsjø med tilrettelagt badeplass. Vatnet er godt eigna til padling. Osterøy 4H har oppretta ein leir med fast lavo. Kanoutleige. Det er ikkje organisert fiskekortsal.

Brakvatnet (102)
Innsjøen ligg i nårleiken av Valestrandsfossen. Langs vatnet er det tilrettelagt for friluftsliv. Det er ikkje organisert fiskekortsal. Vatnet er rikt på aure.

Bysheimsvatn (111) – Fagerstølsvatn (112)
Her er merka turstiar frå parkeringsplassen ved Njåstad mot Bruviknipa. Her kan du ta fiskepausar ved desse vatna. Dette området har og ei mengd stølar der stien går gjennom stølsvollen. Det er ikkje organisert fiskekortsal.